

Korrespondanseskyting for skyttarlag i baneskyting i Mørekretsen

Gjennomføring

Skytinga blir skote som ei korrespondanseskyting. Det blir skote 3 teljande rundar.

Skyttarlaga skyt skytinga på si eiga heimebane.

Kvar runde går over to veke, slik at laga sjølv kan tilpasse og velje kva dag dei skal skyte skytinga. Alle rundane skal vere terminfesta frå kretsen.

Skyteprogram

Alle klassene skyt sine DFS meisterskapsprogram. Klasse NV og klasse 1 skyt same program som ER. NU skyt også same program som ER, men har her lov til å nytte anlegg under skytinga. Dette er ikkje ei klassesettande skyting.

Lag uttak

Skyttarlaget kan stille med så mange skyttarar dei vil på skytingane, men har berre moglegheit til å ha eit lag i serien. Det uttaket som skyttarlaget sett opp, og vidaresender til samlaget, skal bestå av dei to beste skyttarane frå 100m og dei to beste frå 200m etter kvar runde (også NU). Alle resultat må vere frå same kvelden, ein kan ikkje mikse resultata dersom eit skyttarlag skyt fleire skytingar i løpet av ein runde.

Resultat service

Alle skyttarala som vil vere med på korrespondansen må sende inn ein stemnerapport frå skytinga + eit lag uttak til samlaget etter kvar runde som blir skote. Denne rapporten skal vere frå skytinga som blir gjeldande for runden. Skyttarlaget må også leggje rapporten ut på resultatservicen til dfs.no under intern skyting. Kontaktpersonen i kvart samlag sender ei komplett liste over alle lag uttak, i sitt samlag, til ansvarleg person i kretsen som sett opp komplett resultatliste for heile kretsen. Alle samlag får tilsendt oppdatert resultatliste etter kvar runde, som må leggjast ut på samlaget sine sider.

Poengfordeling

For å avgjere kva lag som vinn så blir det utdelt poeng for kvar runde. Desse poenga blir utdelt på plass siffer.

1.plass = 15 poeng, 2.plass = 13 poeng, 3.plass = 12 poeng, 4.plass = 11 poeng, 5.plass = 10 poeng, 6.plass = 9 poeng, 7.plass = 8 poeng, 8.plass = 7 poeng, 9.plass = 6 poeng, 10.plass = 5 poeng, 11.plass = 4 poeng, 12.plass = 3 poeng, 13.plass = 2 poeng, 14.plass = 1 poeng og frå 15.plass og ned = 0 poeng.

Premiering

Dei tre beste skyttarala samanlagt blir premiert med ein pokal.

Graverast:

«1.plass Korrespondanseskyting i baneskyting for skyttarlag i Mørekretsen 'årstall'»

«2.plass Korrespondanseskyting i baneskyting for skyttarlag i Mørekretsen 'årstall'»

«3.plass Korrespondanseskyting i baneskyting for skyttarlag i Mørekretsen 'årstall'»